

## Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 08.06.2017

**Geir Angeltveit (V)** sette fram slikt forslag:

«Tillegg:

Fylkesutvalet ber administrasjonen gå i dialog med UiB, UiS, HVL og andre relevante utdanningsinstitusjonar for å knytte dei inn i samarbeidet på eit tidleg tidspunkt».

**Natalie Golis (MDG)** sette fram slikt forslag:

«Fylkesrådmannen sitt forslag med slike endringar (endringane står i kursiv):

Punkt 1: Utval for miljø og samferdsel vedtek følgjande mål og strategiar for Hordaland fylkeskommune *si satsing på hydrogen i Hordaland*.

Punkt 2: Rapportering om arbeidet skal skje årleg i samband med rullering av handlingsprogram for Klimaplan for Hordaland og *Handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland*.»

### Røysting

Det var 14 representantar til stades.

Golis sitt forslag vart vedteke som innstilling til fylkesutvalet mot ingen røyster for fylkesrådmannen sitt forslag.

Angeltveit sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

### Innstilling til fylkesutvalet

1. Fylkesutvalet vedtek følgjande mål og strategiar for Hordaland fylkeskommune si satsing på hydrogen i Hordaland:

Hovudmål: Etablere ei verdikjede for fossiltfri hydrogen i Hordaland, som del av ein større hydrogenmarknad på Vestlandet.

Delmål med strategiar:

1. Etablere nettverk med relevante aktørar, for å utveksle erfaringar og stimulere til felles initiativ.
  - a. Melde seg inn i relevante internasjonale nettverk.
  - b. Etablere eit Vestlandssamarbeid for å utveksle erfaringar og koordinere innsats for hydrogeninitiativ på Vestlandet.
  - c. Samarbeide med andre nasjonale aktørar for å sikre ein infrastruktur som gjer det mogleg å nytte hydrogen som drivstoff i bil og båt, også utanfor fylket.
  - d. Opprette ei intern arbeidsgruppe i Hordaland fylkeskommune med deltakarar frå relevante avdelingar og seksjonar, for å koordinere initiativ og samordne ressursane.
2. I lag med næringsliv i fylket drive fram gode prosjekt som kan bidra til å etablere ein verdikjede for hydrogen.
  - a. Nyte etablerte verkemidlar for å stimulere til klimavenlege hydrogenprosjekt i næringslivet i fylket.
  - b. Bidra til oppbygging av hydrogenbaserte brukarflåter, som drosje, offentlege verksemder eller andre, for å stimulere etterspurnaden etter hydrogen i fylket.
3. Auke kompetansen om hydrogen som grunnlag for klimavenleg næringsliv.
  - a. Støtte og fremje forskingsprosjekt med hydrogen som tema, der kompetansemiljø frå fylket er deltakarar.

4. Bidra til utbygging og planlegging av naudsynt infrastruktur for å realisere hydrogenrelaterte prosjekt i fylket.
  5. Bidra til å betre rammevilkåra som kan gjøre fossilfri hydrogen sterkare i konkurransen med fossile energikjelder.
2. Rapportering om arbeidet skal skje årleg i samband med rullering av handlingsprogram for Klimaplan for Hordaland og Handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland.
3. Ved neste rullering av Klimaplan for Hordaland bør ein vurdere å ta inn dokumentet i planen.
4. Fylkesutvalet ber administrasjonen gå i dialog med UiB, UiS, HVL og andre relevante utdanningsinstitusjonar for å knytte dei inn i samarbeidet på eit tidleg tidspunkt.